

Musea i Sogn og Fjordane

Møtebok

Dato: Onsdag 17.06.2020
Tid: Kl. 10:00 – 13.30
Stad: Quality Hotel Sogndal

Frå styret møtte: Ivar Kvalen, Hanne B. Oftedal, Arild Bergstrøm, Kristin Maurstad, Jan-Arve Lund og Eva Marie Felde

Forfall: Olve Grotle hadde meldt forfall. Vara Hege Lothe møtte.

Frå adm. møtte: Direktør Kjartan Aa Berge (referent) og avdelingsdirektør Thomas Walle. Walle deltok ikkje på sak 30/20.

SAKLISTE:

24/2020: Godkjenning av innkalling og sakliste (vedtakssak)
25/2020: Godkjenning av møtereferat frå styremøtet 29.04.2020 (vedtakssak)
26/2020: Terminering av avtale med Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter (vedtakssak)
27/2020: Prosess for ny strategi 2022-2025 (drøftingssak)
28/2020: Detaljering av ny prinsippmodell for organisering (drøftingssak)
29/2020: Orienteringar
30/2020: Ymse

Møtet var avslutta med besøk og omvising på De Heibergske Samlinger-Sogn Folkemuseum på Kaupanger.

SAK 24/2020: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend.

Samrøystes

SAK 25/2020: GODKJENNING AV MØTEREFERAT FRÅ STYREMØTE 29.04.2020

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå styremøte 29.04.2020 vert godkjend.

Vedtak:

Protokoll frå styremøte 29.04.2020 vert godkjend.

Vedlegg:

V1 2020 04 29 MØTEBOK - styremøte

SAK 26/2020: TERMINERING AV AVTALE MED STIFTINGA NORSK KVERNSTEINSENTER (vedtakssak)

Referanse til relevant saksbehandling i styret:

Sak 16/2020: Terminering av avtaler med Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter og Hyllestad kommune (unnt. off)

Saksansvarleg:

Kjartan Aa Berge

Saksutgreiing:

Direktøren syner til vedlagte saksutgreiing.

Styret si behandling av saka:

Styret hadde ei grundig drøfting av saka. Styret streka under at MiSF har dei beste intensjonar for utvikling av Kvernsteinsparken som ein integrert del av MiSF. Styret har merka seg signala frå møte med Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter 29.mai og gjorde det klart at dersom det kan finnast andre løysingar for organisatorisk tilknytning og utvikling av Kvernsteinsparken vil dei vere lyttande til det. På bakgrunn av drøftinga ønskte styret at vedtaket måtte reflektere ei åpen haldning til at det kan finnast andre organisatoriske løysingar for drifta av Kvernsteinsparken enn dagens løysing.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

1. Avtalen med Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter seiast opp
2. Styret har intensjon om å inngå ein samarbeidsavtale med Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter innan utløpet av oppseiingstida for oppsagt avtale
3. Det skal etablerast ein særskilt strategi for Norsk Kvernsteinsenter
4. Strategien for Norsk Kvernsteinsenter skal godkjennast i styret innan 1.mai 2021
5. Strategien for Norsk Kvernsteinsenter skal integrerast i den nye strategiplanen til MiSF for perioden 2022-2025

Vedtak:

1. Avtalen med Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter seiast opp
2. Styret har intensjon om å inngå ein ny samarbeidsavtale med Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter innan utløpet av oppseiingstida for oppsagt avtale
3. Styret stiller seg positiv til at Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter gjer sonderingar om alternative løysingar med andre samarbeidspartnarar
4. Det skal etablerast ein særskilt strategi for Norsk Kvernsteinsenter
5. Strategien for Norsk Kvernsteinsenter skal godkjennast i styret innan 1.mai 2021
6. Strategien for Norsk Kvernsteinsenter skal integrerast i den nye strategiplanen til MiSF for perioden 2022-2025

SAK 27/2020: PROSESS FOR NY STRATEGI 2022-2025 (drøftingssak)

Referanse til relevant saksbehandling i styret:

- Sak 30/2017: Prosess og møteplan for ny museumsstrategi
- Sak 37/2017: Strategiplan 2018 – 2021 (drøftingssak)
- Sak 42/2017: Strategiplan 2018 – 2021 (drøftingssak)
- Sak 46/2017: Strategiplan 2018 – 2021 (vedtakssak)
- Sak 24/2018: Strategiprosess - revisjon av mål – organisasjonsprosess (drøftingssak)
- Sak 36/2018: Revidert strategiplan (vedtakssak)

Saksansvarleg:

Kjartan Aa Berge

Saksutgreiing:

Direktøren syner til vedlagte saksutgreiing.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

1. Styret ber administrasjonen om å starte arbeidet med ny strategiplan for perioden 2022-2025
2. Styret tilrår at administrasjonen startar med å utvikle strategiar for dei lokale musea
3. Styret legg til grunn at dei lokale strategiane er tilpassa den nye klyngestrukturen
4. Styret forventar at dei lokale strategiane blir sendt på høyring før sluttbehandling
5. Arbeidet med lokale strategiar skal vere gjennomført innan 1.mai 2021
6. Den nye strategien til MiSF for perioden 2022-2025 skal vedtakast innan 31.desember 2021

Vedtak:

1. Styret ber administrasjonen om å starte arbeidet med ny strategiplan for perioden 2022-2025
2. Styret tilrår at administrasjonen startar med å utvikle strategiar for dei lokale musea
3. Styret legg til grunn at dei lokale strategiane er tilpassa den nye klyngestrukturen
4. Styret forventar at dei lokale strategiane blir sendt på høyring før sluttbehandling
5. Arbeidet med lokale strategiar skal vere gjennomført innan 1.mai 2021
6. Den nye strategien til MiSF for perioden 2022-2025 skal vedtakast innan 31.desember 2021

Samrøystes

Vedlegg:

V3 Saksutgreiing – sak 27-20

https://www.misf.no/sites/default/files/2018-11/Revidert%20Strategiplan%202018-2021_plandokument_vedteke%20011118.pdf

SAK 28/2019: DETALJERING AV NY PRINNSIPMODELL FOR ORGANISERING (drøftingssak)

Referanse til relevant saksbehandling i styret:

- Sak 35/2019: Prinsippmodell for organisering av Musea i Sogn og Fjordane
- Sak 41/2019: Oppfølging sak 35/2019

Saksansvarleg:
Kjartan Aa Berge

Saksutgreiing:
Direktøren vil legge fram skisse i møtet og inviterer styret til å komme med innspel i saka.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:
Styret tek saka til vitande.

Vedtak:
Styret tek saka til vitande.
Samrøystes

Vedlegg:
V4 2020 05 18 Møtereferat OVL
V5 2020 05 27 Møtereferat OVL
V6 2020 06 04 Møtereferat OVL

SAK 29/2020: ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

- **Sjukefråvær**

<u>Sjukefråvær</u>	<u>pr. 31.03.2019</u> (rullerande 12 månader)	<u>pr. 31.05.2020</u> (rullerande 12 månader)	<u>Endring</u>
Eigenmelding	1,18%	1,88%	(0,80%)
Sjukemelding < 16 dg	1,37%	0,92%	0,45%
Sjukemelding > 16 dg	3,53%	3,49%	0,04%
Totalfråvær	6,09%	6,29%	(0,20%)

- **Rekneskap per april/mai 2020**

Vedlegg:
V7 Resultat pr april 2020

- **Møte med eigarstyret Stiftinga De Heibergske Samlinger-Sogn Folkemuseum**

Vedlegg:
V8 2020 05 27 Møtereferat

- **Status rekruttering og personal**
Direktøren orienterer i møte.

- **Ekstraordinær løyving - Koronasituasjonen**
Kulturdepartementet har tilrådd løyvd 1.840.000 kr til MiSF som ein del av generell støtte i samband med Koronasituasjonen. Tilrådinga er løyvd i frå ei forholdsmessig berekning med utgangspunkt i kva musea hadde av billettinntekter, samt inntekter frå butikk- og kafésal i 2019.

Vedlegg:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/a29386c923894b9b91a8df7a0903fff2/no/pdfs/prp201920200127000dddpdfs.pdf>

- **Utsetting av rådsmøte grunna Koronasituasjonen**

Grunna Koronasituasjonen og travelt møteprogram i juni har administrasjonen vurdert det som hensiktsmessig å utsetje rådsmøtet til hausten. Det er ikkje styremedlemer på val i år.

Direktøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringane vert tatt til vitande.

Vedtak:

Styret tek saka til vitande.

Samrøystes

SAK 30/2020: YMSE

- Oppfølgingssak personal

Ivar Kvalen
Styrelar

Hanne B Oftedal
Styremedlem

Hege Lothe
Varamedlem

Arild Bergstrøm
Styremedlem

Jan-Arve Lund
Styremedlem

Eva Marie Felde
Styremedlem

Kristin Maurstad
Styremedlem